



Statens vegvesen
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Dato: 13.03.2017
Vår ref.: 2017/2573-2
Saksbehandlar: monsera
Dykkar ref.: 16/14729-6

17 MARS 2017

Att. Sigmund Bødal

Varsel om arkeologisk registrering - detaljregulering for kollektivknutepunkt og innfartsparkering på Flatøy - Meland kommune

Viser til varsel om oppstart av detaljregulering for kollektivknutepunkt og innfartsparkering på Flatøy i Meland kommune datert 10.05.2016, og til vår brev datert 24.05.2016 med fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommuneplanens krav til områderegulering for ovanfor nemnde detaljreguleringsplan. Viser også til korrespondanse med Sigmund Bødal ved Statens vegvesen angående grunnboringar i planområdet. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Vi vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Hordaland fylkeskommune ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet.

Flatøy er rik på kulturminne, særleg frå steinalder. Innanfor planområdet er det frå før kjend fleire steinalderbuplassar og to SEFRAK-registrerte bygg. Det er også kjend ei rekke automatisk freda lokaliteter i nærleiken av planområdet. Mange av desse var undersøkt av Universitetsmuseet i Bergen i samband med Flatøyprosjektet i 1988-1991. Ein steinalderbuplass med Askeladden id. 108006 vart påvist ved Flatøyprosjektet, men ikkje undersøkt nærare.

Den 02.02.2017 vart det gjennomført ei kulturhistorisk synfaring på staden. Med bakgrunn i synfaringa konkluderte Hordaland fylkeskommune med at det er naudsynt med ei mindre arkeologisk registrering for å avklare statusen til lokalitet med Askeladden id. 1008006. Vi har ikkje heimel til å krevje registreringa gjennomført før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn, men det vil vere ein fordel for tiltakshavar å klarleggje spørsmål kring kulturminneverdiar i planområdet på eit tidleg tidspunkt i planprosessen.

Arbeidsomfanget er rekna til ein dag i felt for to arkeologar, samt førarbeid, etterarbeid og skiving av rapport. Registreringa vil verte utført ved graving av prøvestikk med spade. Prøvestikka er om lag 40 x 40 cm store og vert lagt igjen når arbeidet er utført.

Kostnadsoverslag er lagt ved. Vi ber om skriftleg godkjenning av kostnadsoverslaget med opplysingar om fakturaadresse, ressursnummer, organisasjonsnummer og signatur til den som er ansvarleg betalar. Når kostnadsoverslaget er godkjend, vil vi ta kontakt for å få arbeidet utført så raskt som mogeleg. Vi gjer merksam på at tiltakshavar vert berre fakturert for medgått tid.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

1. Kostnadsoverslag for arkeologisk registrering - Flatøy - Meland kommune